

Støttebrev til Kvinnerad kommunes skipsbyggjarmuseum

Sunnhordland Museum er regionalt ansvarsmuseum for alle dei åtte kommunane i Sunnhordland . Museet har ei viktig oppgåve som «minnebank» for heile regionen. Det vil sei at museet skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forsking og formidling. Museet skal fremja interesse for kunnskap om fortida, og særleg stimulera barn og unge si interesse for den lokale historia.

Sunnhordland museum har det siste året vore involvert i arbeidet med forprosjekt for ei revitalisering av Kvinnherad kommune sitt skipsbyggjarmuseum. Kommunen, frivillige aktørar, utstillingsutformarane i Sixsides og museet har saman laga det me meiner er eit flott idéprosjekt for ei moderne formidling av ein samling som viser eit særskilt viktig trekk ved næringsutviklinga i heile Sunnhordland.

Skaaluren-samlinga utgjer ei flott samling med autentisk verktøy, halvmodellar og teikningar knytt direkte til Skaaluren-verven. Det blir sagt om samlinga at innhaldet i denne rommar alt ein treng for å byggja seg ei seglskute. Sentralt i idéprosjektet er spørsmålet om kva og kven som skal til for å byggja ei skute. Her står er handverket sentralt og menneska bak blir synlege.

Ved å besøka samlinga ynskjer me at både unge, gamle, tilreisande og lokalbefolkning også skal få kjenna på lukta av tjøre og kjenne tre i nevane. Dette trur me kan bli ein fin kontrast og styrke i samspelet med Folgefonsenteret som har eit uttrykk som i stor grad er basert på tekst og levande bilete. Me vonar at prosjektet kan realiserast innan eitt til to år og underteikna vil vera med i prosjektfyllføringa. Dette gjer me fordi me meiner at videreutviklinga av dette museet vil heva formidlinga av den nære maritime historia som er så viktig for heile Sunnhordlandsregionen.

Stord 14. juni 2017


Trine Kyvik
Museumsrådgivar, Sunnhordland museum